

**Grillhytta: Avkøyrsla må utbetrast**

07.01.2011

**Statens vegvesen har ikkje noko å bemerke til at Knut Bringedal på Korsnes får dispensasjon til grillhytta han har bygd. Men godkjenninga må ikkje gjevast før avkøyrsla er utbetra.**

Statens vegvesen skriv til kommunen at grillhytta vart oppført ulovleg i 2005. Dispensasjonen som det no er søkt om er at hytta er oppført 13 meter frå midten av fylkesveg 48.

Statens vegvesen meiner at kommunen må setja rekkefølgekrav i denne saka. Det visast her til at hytta ligg innanfor reguleringsplanen og er regulert til frittliggjande småhusbygnad.

Fleire tiltak innanfor planområdet er ikkje i samsvar med planen. For Statens vegvesen sine interesser gjeld dette særleg felles tilkomstveg til eigedomane.

Hovudmålsettinga til vegvesenet er å skapa størst mogleg trygg og god trafikkavvikling, eit godt miljø og i tillegg ta omsyn til naboar og samfunnsinteresser elles. Her er avkøyrsla til eigedommen ikkje i samsvar med krava. Avkøyrsla er også tilkomst til fleire eigedomar.

Utbetringa må omfatta krav til svingradius, lengdeprofil og sikt eller fått tilkomst på anna vis - jamfør reguleringsplanen.

Av Ola Matti Mathisen